

Sula kommune



Rådmannen si årsmelding

2019

Innhold

Om årsmeldinga:.....	2
Om rekneskapen:	2
Punkt i årsmeldinga i samsvar med kommunelova § 48 nr 5:	3
Resultat:	3
Gjeld:	4
Finansielle måltall:	4
Likestilling og diskriminering	6
Tiltak for å sikre betryggande kontroll og høg etisk standard i kommunen.	7
Rekneskapsanalyse	8
Sentraladministrasjonen	9
Oppvekst.....	10
Helse og sosial.....	122
Kultur	144
TEO	14
VAR	155
PBO	155
Utgifter og inntekter i rekneskapen for 2019	166
Investeringar og låneopptak	188
Balanserekneskapen	20

Om årsmeldinga:

Årsrekneskap og årsmelding er avlagt etter gammel kommunelov som var gjeldande til og med rekneskapsåret 2019. Ny kommunelov er gjeldande frå rekneskapsåret 2020.

Etter kommunelova § 48 skal rådmannen legge fram årsmelding.

Årsmeldinga skal etter Forskrift om årsrekneskap og årsmelding (for kommunar og fylkeskommunar) § 10 3. ledd fremjast utan utgrunna opphald og innan 31. mars.

I § 48 nr 5 er det lista opp nokre punkt som årsmeldinga skal omtale.

I tillegg har Institutt for god kommunal rekneskapsskikk 22. januar 2018 fastsett standard for notar og årsmelding.

Denne årsmeldinga er meint å tilfredstille krava både i kommunelova og i standarden.

Om rekneskapen:

Kommunen fører rekneskapen sin etter eit finansielt orientert rekneskapssystem i tråd med forskrifter nedfelt i medhald av kommunelova. Kommunerekneskapen er arbeidskapitalorientert ettersom drifts- og investeringsrekneskapane viser all tilgang på og all bruk av midlar.

Arbeidskapitalen er lik differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Dette medfører at kommunerekneskapen seier noko om kommunen si evne til å dekke betalingsforpliktelsane på kort og lang sikt.

Eit meirforbruk i ein kommunerekneskap fortel dermed at kommunen har fått ein ikkje tilsikta reduksjon i arbeidskapitalens kortsiktige del. Eit mindreforbruk fortel at kommunen har fått ein ikkje tilsikta auke i arbeidskapitalens kortsiktige del.

Det er i eit kommunerekneskap ikkje noko målsetting å bokføre store overskot. Ein kommune skal yte tenester til innbyggerane og ta sikte på ein sunn kommuneøkonomi. Fokus må heile tida vere på å produsere dei rette tenestene til innbyggerane på ein mest mogleg rasjonell måte.

Punkt i årsmeldinga i samsvar med kommunelova § 48 nr 5:


Tilhøve som er viktige for å vurdere den økonomiske stillinga:

Resultat:

Rekneskapet for 2019 viser eit resultat som er 20,2 mill. kroner betre enn det budsjettet som kommunestyret vedtok (mindreforbruk). Dette skuldast i hovudsak høgare inntekter enn budsjettert på skatt og statlege tilskot, samt høgare avkasting enn budsjettert på finansielle plasseringar. Netto driftsresultat er positivt med 4,7 mill. kroner. Forskjellen mellom mindreforbruk og netto driftsresultat er interne finanstransaksjonar (bruk av fond og avsetningar til fond). Tabellen nedanfor viser denne samanhengen:

Rekneskap (tal i kr)	Rekneskap 19	Budsjett 19	Differanse	Rekneskap 18
Netto driftsresultat (sum av eksterne transaksjonar)	4 693 730	-15 160 799	19 854 529	-9 789 960
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	15 565 693	15 565 693	-0	26 049 842
Bruk av fond	20 349 708	16 705 799	3 643 909	24 932 375
Avsatt til fond	-20 390 456	-17 110 693	-3 279 763	-25 626 564
Rekneskapsmessig mindreforbruk	20 218 675	0	20 218 675	15 565 693

Grafen nedanfor viser netto driftsresultat for dei fire føregåande åra, samt det som ligg budsjettert dei fire neste åra i økonomiplanperioden.




TBU (Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi) har rekna ut at ettersom alt kapitalslit ikkje vert ført som utgift i eit finansielt orientert rekneskap, treng kommunane over tid eit netto driftsresultat på 1,75 prosent av driftsinntektene. I økonomiplanperioden 2020-2023 er prosentsatsen kvart år negativ.

Ein viktig årsak til at driftsresultatet til Sula kommune har blitt dårlegare dei siste åra er auka låneopptak. Dette kjem fram av grafen nedanfor. Lån påverkar driftsresultatet i form av renter og avdrag.

Gjeld:

Sjølv om Sula kommune i alle år berre har gjort nøkterne investeringar i nødvendig infrastruktur så begynner lånegjelda no å tyngje. Lånegjelda har auka kraftig dei siste åra og vil fortsette å auke i åra framover.



Finansielle måltall:

Indikatorane under er foreslått av KS og er ei vidarutvikling av indikatorar foreslått av riksrevisjonen. Ved berekningane er netto driftsresultat korrigert for bundne fondsavsetningar. Disposisjonsfondet er korrigert for regnskapsmessig meir-/mindreforbruk og netto lånegjeld er korrigert for utlån og ubrukte lånemidlar.

Indikator	Svært utsatt	Lite handlingsrom	Moderat handlingsrom	Større handlingsrom
Netto driftsresultat	< 0	< 1	< 2	> 2
Disposisjonsfond	< 2	< 5	< 8	> 8
Netto lånegjeld	> 85	> 75	< 65	< 65

Tabellen nedanfor viser indikatorane for Sula kommune i perioden 2015 -2019:

Sula kommune 2015 - 2019	Svært utsatt	Lite handlingsrom	Moderat handlingsrom	Større handlingsrom
Netto driftsresultat 2019		0,7 %		
Disposisjonsfond 2019				11,2 %
Netto lånegjeld 2019	118,8 %			
Netto driftsresultat 2018	-1,3 %			
Disposisjonsfond 2018				11,8 %
Netto lånegjeld 2018	123,4 %			
Netto driftsresultat 2017			1,3 %	
Disposisjonsfond 2017				12,3 %
Netto lånegjeld 2017	117,4 %			
Netto driftsresultat 2016				3,3 %
Disposisjonsfond 2016				12,8 %
Netto lånegjeld 2016	110,4 %			
Netto driftsresultat 2015				2,4 %
Disposisjonsfond 2015				11,7 %
Netto lånegjeld 2015	104,7 %			

Netto driftsresultat: Anbefalt prosent frå TBU (Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi) er på 1,75%. Sula kommune var over dette normalet i 2015 og 2016. I 2017 var det også eit greitt netto driftsresultat sjølv om det var under målalet. I 2018 vart prosenten negativ med 1,3 %, og i 2019 positiv med 0,7%. I den vedtekte økonomiplanen er det negativt netto driftsresultat i kvart år for perioden 2020-2023.

Disposisjonsfond: Disposisjonsfondet er avsetningar som kommunestyret kan disponere fritt. Midlar på disposisjonsfond stammar frå tidlegare års overskot og er meint som ein buffer mot utføresette kostnader eller inntektssvikt. Nivået på disposisjonsfondet til Sula kommune er foreløpig bra og gjer at kommunen fortsatt har handlingsrom. Store delar av disposisjonsfondet er budsjettert brukt i økonomiplanperioden.

Netto lånegjeld: Netto lånegjeld er total lånegjeld fråtrukke vidareutlån og ubrukte lånemidlar. Riksrevisjonen definerer høg lånegjeld til 75 % av driftsinntektene. KS antyder at ein gjeldsgrad på over 100 % er ugunstig. Sula kommune har hatt ein gjeldsgrad på over 100% sidan 2014 og gjeldsgraden vil auke sterkt i økonomiplanperioden m.a. på grunn av bygging av ny skule.

Likestilling og diskriminering

Kommunelova § 48 nr 5 seier følgjande:

Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven og i tilgjengelighetsloven.

Av tiltak som er sett i verk frå kommunen kan det nemnast:

- **Likestilling mellom kjønna**
Harmonisering av løn er kome langt etter ein grundig gjennomgang for nokre år tilbake. Likestilling/likeløn gjennom ein konsekvent personal- og lønspolitikk er eit mål for kommunen, jf Lønspolitisk dokument: Sula kommune skal arbeide for at lønsnivået for kvinnedominerte og mannsdominerte stillingskategoriar i same utdanningsgruppe blir like høgt.
Ved kunngjering av ledige stillingar vert underrepresentert kjønn oppmoda om å søkje der det er aktuelt.
- **Likestilling pga. etnisitet, nasjonal opprinnelse, avstamning, hudfarge, språk, religion og livssyn**
Eitt av hovudmåla i kommuneplanen er å etablere eit harmonisk mangfald ved inkludering av fleirkulturelle folkegrupper. Eit tiltak er kommunens barnehagar som via NAV-systemet har tatt inn personar i arbeidstrening - fordi dei treng språktrening/opplæring.
- **Likestilling uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne**
Krav om universell utforming ved oppføring av kommunale bygg.

Figur: Kvinneandel i leiarstillingar og i kommunestyret

Kvinneandel i Sula kommune (org)	2019	2018	2017	2016
Leiande stillingar	68,00 %	65,00 %	65,0 %	69,00 %
Kvinneandel i kommunestyret	44,80 %	37,90 %	37,90 %	37,90 %

Heiltidskultur, deltidstilsette og ufrivillig deltid.

Sula kommune søker å etablere ein heiltidskultur. Sula har ein kvinneandel på 81 % kvinner. Av desse er over halvparten i deltidstillingar. Det blir arbeidd kontinuerleg med å redusere andelen av ufrivillig deltidstilsette. Ei av utfordringane er at mange ønskjer deltidsarbeide. Det er derfor laga eigne system for å fange opp ønske om utviding av stillingsprosent. I tillegg til at den enkelte leiar vurderer eigne stillingsressursar og løysingar innafor eige ansvarsområde, er det iverksett ulike prosjekt og tiltak som går på tvers av fagområda.

Kommunestyret har hatt opp eiga sak om etablering av heiltidskultur innan pleie- og omsorg og ein vil i 2020 arbeide vidare med dette. På bakgrunn av kartlegginga som vart gjort i 2019 er det sett ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere ytterlegare tiltak.

Generelt

Både Rådet for Likestilling av funksjonshemma og Eldrerådet er begge viktige pådrivarar for at alle menneske i Sula skal ha like mulegheiter for deltaking og livsutfalding. Råda er med på å kvalitetssikre politiske vedtak, eller gje uttale på planar og strategiar. Kvalitetssikringa ligg i å sjå til at vedtaka tar tilstrekkeleg omsyn til dei spesielle behova som eldre og funksjonshemma kan ha. Likestillingsutvalet (adm.utvalet), behandlar og gir fråsegn i alle saker som har relevans for likestillings spørsmål mellom kjønna.

Tiltak for å sikre betryggande kontroll og høg etisk standard i kommunen.

Kommunen har eit avvikssystem og system for varsling.

Etiske retningslinjer, innkjøpspolitikk og hovudprinsipp for eigarstrategi vart vedtatt i kommunestyret 03.05.18, desse retningslinjene skal reviderast i 2020.

Vi har innført nye rutinar for kontroll av innkjøp og innkjøpsavtalar. Det er også laga egne rutinar for kontroll av arbeidsvilkåra til våre leverandørar. Det er gjennomført ein kontroll i 2019, men vi ikkje har kapasitet til å gjennomføre dette arbeidet på eigenhand så vi har blitt med i ein rammeavtale på konsulentbistand til dette arbeidet, rammeavtalen er utarbeida av Oslo kommune. I 2020 er det planlagt å utarbeide ny strategi for anskaffingar.

Det må også etablerast rutinar for eigarskapsmelding.

Finansreglement vart revidert 18.10.18 og vi har tertialvise finansrapporteringar, reglementet skal reviderast på nytt i 2020.

Arbeidet med revidering av økonomireglementet er i gang og det er behov for store endringar samstundes som økonomibestemmelsane i ny kommunelov gjeldande frå 01.01.2020 må innarbeidast i reglementet.

Vi har no ei tettare og betre oppfølging av driftseiningane. Rekneskapet vert analysert kvar månad og sendt ut med kommentarar til kommunalsjefar og einingsleiarar.

Rapportprogrammet BI er også svært nyttig og gir til ein kvar tid oppdatert informasjon om m.a. økonomi og fråvær. Meir opplæring og utarbeiding av standard rapportar til budsjettkontroll har også bidratt til å gjere oppfølginga betre.

Rekneskapsanalyse

Rekneskapet for 2019 vart avslutta med eit mindreforbruk 20,2 mill. kroner. Mindreforbruk er differansen mellom budsjett og rekneskap. Netto driftsresultat var positivt med 4,7 mill. kroner. Forskjellen mellom mindreforbruk og netto driftsresultat er interne finanstransaksjonar. Forskjellen er nærmare forklart under avsnittet «Resultat» på side 3.

Regnskapsskjema 1A - drift (tal i kr.)	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK
Skatt på inntekt og formue	242 023 686	229 936 000	12 087 686
Ordinært rammetilskudd	302 213 226	302 864 000	-650 774
Andre generelle statstilskudd	18 788 668	17 788 172	1 000 496
Sum frie disponible inntekter	563 025 580	550 588 172	12 437 408
Renteinntekter og utbytte	4 240 771	1 970 000	2 270 771
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	6 513 941	1 750 000	4 763 941
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	18 706 775	19 133 748	-426 973
Avdrag på lån	30 662 145	32 048 804	-1 386 659
Netto finansinnt./utg.	-38 614 208	-47 462 552	8 848 344
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	0	0	0
Til ubundne avsetninger	17 081 693	17 081 693	0
Til bundne avsetninger	12 777	0	12 777
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	15 565 693	15 565 693	0
Bruk av ubundne avsetninger	15 914 447	15 914 447	0
Bruk av bundne avsetninger	0	0	0
Netto avsetninger	14 385 670	14 398 447	-12 777
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0
Til fordeling drift	538 797 042	517 524 067	21 272 975
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	518 578 368	517 524 067	1 054 301
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	20 218 675	0	20 218 675

Regnskapsskjema 1B - drift	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK
SENTRALADMINISTRASJONEN	49 040 453	50 367 643	-1 327 190
OPPVEKST	252 239 007	253 618 071	-1 379 064
HELSE OG SOSIAL	237 698 095	236 786 994	911 102
KULTUR	9 442 503	9 798 360	-355 857
PBD	53 537 570	52 544 216	993 354
VAR	-5 512 049	-7 972 150	2 460 101
PBO	5 392 652	4 634 180	758 472
KOMMUNESTYRET SITT OMRÅDE			
Motpost avskrivning	-43 991 580	-43 991 580	0
Konsulenttenester	613 302	387 866	225 436
Nto. Pensjon (premieavvik, overskot m.m.)	-14 345 586	-13 364 532	-981 054
Ressurskrevjande brukarar	-28 036 000	-25 285 000	-2 751 000
Andre generelle statstilskot ført under sektorane	2 500 000	0	2 500 000
SUM	518 578 368	517 524 067	1 054 301

Mindreforbruket på 20,2 mill. kroner kan i hovudsak forklarast av følgjande:

- Frie inntekter blei 11,4 mill. kroner høgare enn budsjettert: Skatteinntektene og inntektsutjamninga blei 11,7 mill. kroner høgare enn budsjettert, medan rammeoverføringane blei ca. 0,3 mill. kroner lågare enn budsjettert.

- Andre statstilskot blei 1,1 mill. kroner høgare enn budsjettet: Tilskot til "ressurskrevjande brukarar" innan pleie og omsorg blei 2,75 mill. kroner høgare enn budsjettet. Tilskot flykningar blei 1,2 mill. kroner lågare enn budsjettet.
- Renteinntekter og utbytte blei 7 mill. kroner høgare en budsjettet: Avkastning frå fondsforvaltning og pengemarknadsfond blei 4,8 mill. kroner høgare enn budsjettet. Renteinntekter frå bank blei 2,1 mill. kroner høgare enn budsjettet.
- Låneutgifter blei 1,8 mill. kroner lågare enn budsjettet: Avdragsutgiftene blei 1,4 mill. kroner lågare enn budsjettet, medan renteutgiftene på lån blei 0,4 mill. kroner lågare enn budsjettet.
- Pensjon fellesutgifter blei 1 mill. kroner lågare enn budsjettet. Dette er ei pensjonsjustering etter mottak av aktuarberekning.

Punkta som er liste opp ovanfor summerer seg opp til eit mindreforbruk på 22,2 mill. kroner. Grunnen til at samla mindreforbruk er på 20,2 mill. kroner er at sektorane samla sett hadde eit meirforbruk på 2 mill. kroner.

Nedanfor vil vi oppsummere dei største budsjettavvika for kvar sektor.

Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen har mindreforbruk i 2019 på 1,3 mill. kroner. Tabellen nedanfor oppsummerer dei største avvika på ansvarsnivå.

ANSVAR	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	SUM SENTRALADMINISTRASJON	46 320 172	47 688 750	-1 327 190	
	POLITISK UTVAL	3 944 233	4 200 235	-256 002	
11010	POLITISK STYRING	2 441 708	2 522 678	-80 970	Mindreforbruk skuldast i hovudsak møtegodtgjersle (art 10800) som er 88.000kr lavare enn budsjett. Opplæring/kurs (art 11500) er 44.000kr høgare enn budsjettet, og reduserer mindreforbruket.
11020	VAL	375 039	288 989	86 050	Meirforbruk skuldast i hovudsak at anna forbruksmateriell (art 11209) er 73.000kr over budsjett. Dette gjeld fakturering frå Ålesund kommune i forbindelse med valet.
11030	REVISJON	865 487	1 020 700	-155 213	Utgift til revisjon er mindre enn budsjettet. Utgift i 2019 er lavere enn både 2017 (936.000kr) og 2018 (965.000kr.)
11040	ELDRERÅD	26 994	59 270	-32 276	Mindreforbruk skuldast at møtegodtgjersle (art 10800) er lavere enn budsjettet
11050	RÅDET FOR FUNKSJONSHEMMA	22 188	39 843	-17 655	Mindreforbruk skuldast at møtegodtgjersle (art 10800) er lavere enn budsjettet
11060	SIVILFORSVAR	62 747	91 863	-29 116	Fakturering frå Ålesund kommune vedrørende sivilforsvar 2019 har ikkje kompt endå, men vi har utgiftsført ei avsetning på 80.000kr. Grunnen til at regnskapet viser 63.000kr er at det i 2018 blei avsatt for mykje. Det blei avsatt 90.000kr i utgift, men faktisk utgift blei på 73.000kr.
11070	TIL FORMANNSKAPET SIN DISP.	150 070	176 892	-26 822	
	RÅDMANN M/STAB	36 510 188	37 686 672	-1 176 484	
11210	RÅDMANN	1 712 561	1 683 556	29 005	Meirforbruk skuldast i hovudsak at lønnsutgifter er høgare enn budsjettet. Andre driftsutgifter er lavere enn budsjettet.
11220	ØKONOMIAVDELINGA	7 416 527	7 718 032	-301 505	Mindreforbruket skuldast i hovudsak at andre avgifter (art 11952) er 129.000kr under budsjett, kjøp av andre tenester (art 12700) er 104.000kr under budsjett (utgifter til Ålesund kommune for arbeidsgiverkontroll samt medlemskontigent for innkjøpsamarbeid og arbeidsgiverkontroll) og at inntektene på art 16220 (diverse avgifter og gebyrer) er 163.000kr høgare enn budsjettet. Det som reduserer mindreforbruket er at lønnsutgift er 54.000kr over budsjett.
11230	STØTTESTAB	8 894 731	8 777 685	117 046	Meirforbruk skuldast i hovudsak at lønnsutgiftene er 146.000kr over budsjett.
11233	HOVUDSTILLITSVALDE	1 225 617	1 473 398	-247 781	Mindreforbruk skuldast i hovudsak at lønnsutgift er 305.000kr lavere enn budsjett. Mindreforbruket reduserast av refusjoner fra private (art 17700) som er 59.000kr under budsjett (refusjon frå Utdanningsforbundet).
11240	SERVICEKONTORET	5 668 828	6 025 646	-356 818	Mindreforbruk skuldast i hovudsak at lønnsutgift er 250.000kr under budsjettet og at andre driftsutgifter (som f.eks telefon, annonseutgifter, kurs) er 207.000kr under budsjett. Det som reduserer mindreforbruket er at inntekter inkl fordelte utgifter er 97.000kr under budsjett.

ANSVAR	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
11241	IKT	11 493 540	11 883 941	-390 401	Art 11953, Lisens dataprogram er den største utgiftsposten på IKT-området. Total utgift i 2019 er på 5.655.000kr og er heilt på budsjett (avvik på kun 8.000kr). Budsjettaavvik skuldast i hovudsak: * Art 11952, Andre avgifter, gebyrer og lisensar er 135.000kr under budsjett * Art 12001, IT utstyr er 261.000kr under budsjett. * Art 12700, Kjøp av andre tenester er 150.000kr under budsjett. * Art 13500, Kjøp frå kommuner er 217.000kr over budsjett. Dette gjeld kjøp frå eKommune Sunnmøre.
11242	UTLÅN/TILSKOT	98 384	124 414	-26 030	Ca på budsjett
	OVERF. TIL TRUSSAMFUNN	5 865 751	5 801 843	63 908	
11410	OVERFØRING TIL SOKNERÅDET	4 281 000	4 281 000	0	
11411	TENESTYTING KYRKJE	179 275	255 175	-75 900	
11420	TILSKOTT TIL TRUSSAMFUNN	686 032	653 248	32 784	
11430	GRAVSTADER	719 444	612 420	107 024	Overføringer til private (art 14700) er 107.000kr høgare enn budsjettet.

Oppvekst

Oppvekst har eit mindreforbruk i 2019 på 1,4 mill. kroner.

ANSVAR	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	SUM OPPVEKST	251 265 443	252 644 508	-1 379 065	
	ADMIN. OG FELLESUTGIFTER	9 898 937	9 489 113	409 824	
21010	OPPVEKST UTVALET	45 225	72 197	-26 972	
21020	ADMINISTRASJON OPPVEKST	1 396 236	1 993 041	-596 805	Mindreforbruket kjem i hovudsak av at opplæring/kurs (art 11500) er 410.000kr under budsjett. Andre artar som er med på å forklare mindreforbruket er kjøp av andre tenester (art 12700) og kjøp frå kommuner (art 13500). Dette to artane er tilsaman 159.000kr under budsjett.
22110	FELLES UNDERV. KONTO	8 462 182	7 423 875	1 038 307	Budsjettaavvik skuldast i hovudsak: * Lønnsutgift er 398.000kr over budsjett. Lønnsutgift gjeld utbetalig ar honorarar * Kurs (art 11500) er 1,2 mill over budsjett. Mykje av det som er ført her er utgifter til vidareutdanning for lærarar. Denne må sjåast i samanheng med refusjon frå staten (art 17000) der Sula kommune bokfører refusjon knytta til vidareutdanning. * Kjøp frå kommuner (art 13500) er 1,1 mill over budsjett. Dette gjeld fakt. frå andre kommuner for undervisning for elevar heimehøyrande i Sula. * Refusjon frå staten (art 17000) er 1,8 mill over budsjett. På denne arten er det budsjettet med 344.000kr. Det som er inntektsført er refusjon for viderutdanning av lærarar på 1,8 mill og tilskot til digitale læremiddel på 189.000kr og leirskuleopplæring på 274.000kr. * Leirskule (art 11204) er 92.000kr under budsjett * Transport (art 11701) er 257.000kr over budsjett. * IT utstyr (art 12001) er 114.000kr under budsjett * Leasing (art 12200) er 298.000kr over budsjett (gjeld leasing av IPadar) * Bruk av fond (art 19500) er 77.000kr over budsjett
22120	FELLES SFO KONTO	-4 706	0	-4 706	
	SOLEVÅG SKULE UNDERV.	20 041 086	19 600 204	440 882	
22210	SOLEVÅG SKULE UNDERV.	19 424 924	18 868 379	556 545	Meirforbruket kjem av at lønnsutgiftene er ca 663.000kr høgare enn budsjettet. Meirforbruket på lønn knyttar seg i hovudsak til bruk av vikarar og ekstrahjelp til mellombelse stillingar. Andre driftsutgifter er 87.000kr over budsjett. Det er posten lisensar (art 11953) som forårsaker meirforbruket på andre driftsutgifter (128.000kr over budsjett). Totale refusjonar/fordelte utgifter (økt lærarinnset, refusjon vidareutdanning, refusjon frå andre kommuner) er 194.000kr over budsjett, og er med på å redusere det totale meirforbruket.
22220	SOLEVÅG SFO	616 162	731 825	-115 663	Lønnsutgift er 165.000kr over budsjett, medan SFO-inntektene er 312.000kr høgare enn budsjett. Dette medfører at det totalt sett blir eit mindreforbruk på SFO
	MÅSEIDE SKULE	9 319 878	9 156 077	163 801	
22310	MÅSEIDE SKULE UNDERV.	8 657 606	8 685 769	-28 163	Lønnsutgiftene er ca på budsjett. Andre driftsutgifter er 160.000kr over budsjett. Lisensar (art 11953) og transport (art 11701) er dei to postane under andre driftsutgifter som avvik mest frå budsjett. Begge er 37.000kr over budsjett. Refusjonar, samt intern kompensasjon frå Sula kommune knytta til vidareutdanning, er totalt 200.000kr over budsjett og gjer at det totalt sett blir eit mindreforbruk på dette ansvaret.
22320	MÅSEIDE SFO	662 272	470 308	191 964	Meirforbruket kjem i hovudsak av at SFO-inntektene (inkludert søskenmoderasjon) er 250.000kr under budsjett. Lønnsutgiftene er 82.000kr under budsjett, og reduserer meirforbruket.

ANSVAR	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	FISKARSTRAND SKULE	11 969 334	11 969 532	-198	
22410	FISKARSTRAND SKULE UNDERV.	11 492 081	11 443 108	48 973	Lønnsutgift er 368.000kr over budsjett. Meirforbruk på lønn kjem av bruk av vikarar og ekstrahjelp til mellombels stilling. Refusjon frå kommuner (art 17500) er 105.000kr over budsjett. Refusjonen er frå frå Voss kommune og gjeld haust 2018 og vår 2019. Intern refusjon frå Sula kommune (art 16900) knytta til viderutdanning er 204.000kr over budsjett. Refusjonane er med på å redusere overforbruket på dette ansvaret.
22420	FISKARSTRAND SFO	477 253	526 424	-49 171	Mindreforbruket kjem av at lønnsutgift er 167.000kr under budsjett. Det som dreg ned mindreforbruket er SFO-inntektene (inkl søskenmoderasjon) som er 130.000kr dårlegare enn budsjett.
	LANGEVÅG SKULE	35 718 546	35 180 341	538 205	
22510	LANGEVÅG SKULE UNDERV.	34 756 329	34 299 528	456 801	Lønnsutgifta er 554.000kr over budsjett. Det er vikarløn og ekstrahjelp til mellombels stillingar som står for det meste av meirforbruket på lønn. Det som dreg ned meirforbruket er at diverse refusjonar er 143.000kr over budsjett.
22520	LANGEVÅG SFO	962 217	880 813	81 404	SFO-inntektene (inkludert søskenmoderasjon) er 796.000kr under budsjett. Lønnsutgift er 746.000kr under budsjett
22710	SULA UNGDOMSSKULE	31 511 939	30 948 657	563 282	Meirforbruket kjem av at: * Lønnskostnader er 364.000kr høgare enn budsjettet. * Andre driftsutgifter er 412.000kr høgare enn budsjett. Arten som er høgst over budsjett er lisens dataprogram (art 11953) som er 168.000kr over budsjett. Dette gjeld i hovudsak ein faktura frå Atea på 140.000kr for lisensar knytta til Ipadane. Transport (art 11701) er 48.000kr over budsjett og IT-utstyr (art 12001) er 56.000kr over budsjett. * Refusjonar, samt intern kompensasjon frå Sula kommune knytta til viderutdanning er totalt 213.000kr over budsjett. Dette er med på å redusere meirforbruket
23110	FELLESUTGIFTER BARNEHAGE	1 127 958	978 682	149 276	Meirforbruk skuldast i hovudsak at rabatt barnehage (art 14704) er 161.000kr over budsjett. Det framgår ein del budsjettavvik på enkeltartar, men disse går mot kvarandre. F.eks er refusjon frå staten (art 17000) 1,4 mill over budsjett. Dette er midler knytta til bemanningsnorm og er viderebetalt til private barnehagar (utgiftsført på art 14700). Kursutgifter er også over budsjett, men dette knyttar seg i stor grad til prosjekt for ny rammeplan (D2011). Resultatet knytta til prosjektet går i null gjennom bruk av fond.
	SUNDE BARNEHAGE	4 928 515	5 058 308	-129 793	
23120	SUNDE BARNEHAGE	4 924 126	5 053 643	-129 517	Mindreforbruk kjem i hovudsak av at lønnsutgift er 62.000kr under budsjett, brukarbetaling er 44.000kr høgare enn budsjett, og refusjon frå staten (refusjon frå NAV) er 33.000kr høgare enn budsjett.
23121	STYRKING SUNDE BARNEHAGE	4 389	4 665	-276	
	MÅSEIDE BARNEHAGE	8 541 135	8 984 073	-442 938	
23130	MÅSEIDE BARNEHAGE	8 544 143	8 984 073	-439 930	Budsjettavvik skuldast i hovudsak: * Lønnsutgift er 279.000kr under budsjett. * Brukerbetaling er 39.000kr dårlegare enn budsjett. * Inntekter på art 16900 (fordelte utgifter) er 88.000kr høgare enn budsjettet. Det som er ført her er tilretteleggingsmidlar vår 2019 på 50.000kr og støtte for redusert foreldrebetaling på 38.000kr * Art 17700 (refusjonar frå private) er 67.000kr høgare enn budsjett. Inntektsføring på art 17700 gjeld refusjonar frå Høgskulen i Volda. * Refusjonar frå fylkeskommunen (art 17300) og refusjon frå kommuner (art 17500) er også høgare enn budsjettet. Totalt 44.000kr for dei to artane.
23131	STYRKING MÅSEIDE BARNEHAGE	-3 008	0	-3 008	
	LANGEVÅG BARNEHAGE	13 748 803	13 518 718	230 085	
23150	LANGEVÅG BARNEHAGE	13 745 053	13 518 718	226 335	Lønnsutgift er 349.000kr over budsjett. Brukerbetaling (inkl rabatt) er 110.000kr lavere enn budsjettet. Det som reduserer meirforbruket er at andre driftsutgifter (forbruksmateriell, matvarer osv) er 95.000kr under budsjett og at refusjon frå staten (art 17000) er 130.000kr høgare enn budsjettet. Det som er inntektsført på art 17000 er lønnstilskot frå NAV.
23151	STYRKING LANGEVÅG BARNEHAG	3 750	0	3 750	
	MOLVÆR BARNEHAGE	8 995 257	9 097 509	-102 252	
23160	MOLVÆR BARNEHAGE	8 936 786	9 096 343	-159 557	Mindreforbruk kjem av at lønnsutgiftene er 51.000kr under budsjett, andre driftsutgifter (forbruksmateriell, matvarer, reinhald osv) er 32.000kr under budsjett, samt at refusjonar frå stat (art 17000), refusjon frå fylkeskommunen (art 17300) og refusjon frå private (art 17700) til saman er 58.000kr høgare enn budsjett. Inntekt frå brukarbetaling er 24.000kr høgare enn budsjett.
23161	STYRKING MOLVÆR BARNEHAGE	58 471	1 166	57 305	
23210	PRIVATE BARNEHAGAR	51 833 539	55 732 124	-3 898 585	Mindreforbruk skuldast ferre barn i private barnehager enn budsjettet, samt at det er fleire Ålesund-barn i private barnehagar i Sula enn budsjettet og ferre Sula-barn i Ålesund enn budsjettet. Tilskot pr barn under 3 år er på ca 200.000kr og tilskot på barn over 3 år er ca 100.000kr pr barn. Norkre få barn til eller frå får derfor stor beløpssmessig betydning, så denne budsjettposten er vanskelig å budsjettere nøyaktig.

ANSVAR	NAVN	REGNSKAP	BUDSJETT	AVVIK	KOMMENTAR
	VAKSEN OPPLÆRING	2 133 331	2 386 511	-253 180	
24010	VAKSEN OPPLÆRING -REHAB/HAF	2 056 278	2 171 712	-115 434	Mindreforbruk kjem av at kjøp frå kommuner (art 13500) er 44.000kr lavere enn budsjettert og at lønnsutgift er 54.000kr under budsjett.
24020	OPPLÆRING INVANDARAR	-309 257	-224 554	-84 703	Kjøp frå andre kommuner (art 13500) er 457.000kr under budsjett, medan refusjonar frå staten (art 17000) er 372.000kr under budsjett.
24030	GRUNNSKULE VAKSNE OPPL.L \$4	386 310	439 353	-53 043	Mindreforbruk skuldast i hovudsak at kjøp frå kommuner (art 13500) er 33.000kr under budsjett og refusjon frå staten (art 17000) er 20.000kr over budsjett.
	TBU	41 497 185	40 544 659	952 526	
25100	FELLES TBU	1 097 982	1 179 172	-81 190	
25110	PPT	5 264 927	5 850 965	-586 038	Mindreforbruket kjem i hovudsak av at lønnsutgift er 555.000kr under budsjett. Refusjon frå staten (art 17000) er 377.500kr over budsjett. Dette er midlar som gjeld prosjekt gjeld prosjektet D2017 UngdomsLOS. Midlane er overført til fond.
25120	SPESPED. HJELP. BHG	3 877 743	4 090 846	-213 103	Mindreforbruket kjem av at lønnsutgiftene er 357.000kr under budsjett og at andre driftsutgifter er 144.000kr over budsjett. Det meste av mindreforbruket på lønn kjem frå art 10300 (ekstrahjelp til mellombels stillinger)
25121	STYRKA BARNEHAGETILBOD	1 416 915	1 458 270	-41 355	Mindreforbruk skuldast at utbetalingar til både private (art 13700) og kommunale barnehagar (art 12700) er lavere en budsjettert
25122	STYRKA BHG. TOSPRÅK	0	0	0	
